

# Vedtekter for Vennelaget Jan-Magnus Bruheim

## § 1. Foreininga

Vennelaget Jan-Magnus Bruheim er ei foreining som vart oppretta 6. mai 2016.

Ny:

## § 1. Foreininga

Vennelaget Jan-Magnus Bruheim er ei foreining som vart oppretta 6. mai 2016. Bakgrunnen var 100-årsjubileet i 2014, og aktiviteten til Vennelaget byggjer vidare på arbeidet til Bruheim-nemnda, som Skjåk kommune sette ned (i 2010?). Nemnda stod for ymse tiltak og arrangement i jubileumsåret.

## § 2. Føremål

Føremålet til foreininga er å vidareføre det arbeidet som vart sett i gang under jubileumsåret i 2014 og å gjere livet, diktinga og heimbygda til Jan-Magnus Bruheim betre kjend og tilgjengeleg. Det økonomiske overskotet frå jubileumsåret 2014 er øyremerka utgjevinga av ei barnebok med dikt av Jan-Magnus Bruheim. ~~Det økonomiske overskotet frå jubileumsåret 2014 er øyremerka utgjevinga av ei barnebok med dikt av Jan-Magnus Bruheim.~~ Foreininga skal også skape interesse for og spreie informasjon og kunnskap om litteratur og forteljarkunst generelt, og nynorsk litteratur og diktarane i regionen spesielt. Dette vil vi oppnå gjennom å samarbeide med Diktardagar i Ottadalen og andre arrangement/tiltak. Foreininga vil samarbeide med biblioteket, skulane og kultursektoren i kommunen og andre aktuelle samarbeidspartnarar.

Ny:

## § 2. Føremål

Føremålet til foreininga er å vidareføre det arbeidet som vart sett i gang under jubileumsåret i 2014 og å gjere livet, diktinga og heimbygda til Jan-Magnus Bruheim betre kjend og tilgjengeleg. ~~Det økonomiske overskotet frå jubileumsåret 2014 er øyremerka utgjevinga av ei barnebok med dikt av Jan-Magnus Bruheim.~~ Foreininga skal også skape interesse for og spreie informasjon og kunnskap om litteratur og forteljarkunst generelt, og nynorsk litteratur og diktarane i regionen spesielt. Dette vil vi oppnå gjennom å samarbeide med Diktardagar i Ottadalen og andre arrangement/tiltak. Foreininga vil samarbeide med biblioteket, skulane og kultursektoren i kommunen og andre aktuelle samarbeidspartnarar.

## § 3. Kapital

Vennelaget Jan-Magnus Bruheim skal få ein startkapital av overskotet frå jubileumsåret i 2014. Foreininga er sjølveigande. Ingen, i kraft av eigarposisjon, kan disponere over formuen eller har krav på utdeling av overskot.

Ny:

## § 3. Kapital

Foreininga er sjølveigande. Ingen, i kraft av eigarposisjon, kan disponere over formuen eller har krav på utdeling av overskot.

#### **§ 4. Medlemmar av foreininga**

- er dei som har registrert seg ved å betale inn ein, fritt valt, sum til Vennelaget Jan-Magnus Bruheim.

#### **§ 5. Styret**

Laget skal leiaast av eit styre på 5 faste medlemmer med 2 vararepresentantar (valde som 1. og 2. vara). Styret skal veljast av årsmøtet. I tillegg skal det veljast ein rekneskapsførar. Styremedlemmane blir valde for to år. Ved første val skal 3 av medlemmane veljast for ei periode på 3 år. Leiar blir vald særskilt og for eitt år.

**Nytt punkt:**

Laget skal leiaast av eit styre på 5 faste medlemmer med 2 vararepresentantar (valde som 1. og 2. vara). I tillegg skal det veljast ein rekneskapsførar, som også skal sitja i styret.

Styret skal veljast av årsmøtet. Styremedlemmane blir valde for to år. Leiar blir vald særskilt og for eitt år.

Styret fører protokoll frå møta sine. Styret har ansvar for budsjett og økonomi. For at styret skal vera vedtaksført, må minst 3 av medlemmane vera tilstades. Ved like mange røyster, har styreleiar dobbelrøyst.

Styreleiar kallar inn til styremøte og syter for at det blir ført skriftleg protokoll frå møta.

**Styret skal fortsetje arbeidet med å gje ut ei barnebok.**

(Denne setninga går ut)

#### **Vararepresentantane**

Vararepresentantane blir valde for to år. Dei har møterett, men ikkje møteplikt. Dei har forslagsrett, men ikkje stemmerett. Dei skal ha møteinnkallingar, referat og andre aktuelle papir. Slik sett blir dei delvis deltagande i arbeidet og kan naturlegvis trekkjast inn også i andre høve.

#### **Valnemnd**

Det blir sett ned ei valnemnd på 3 personar. Desse er valde for 3 år. **Ved første val blir ein vald for eitt år, ein for to år og ein for tre år slik at ikkje alle går ut samstundes.**

(Denne setninga går ut)

#### **Årsmøte**

Styret kallar inn til årsmøte ein gong i året innan utgangen av mai, eller når styret eller minst 1/3 av medlemmane krev det. Til årsmøtet legg styret fram årsmelding og sakliste.

Årsmøtet disponerer midlane til foreininga. Årsmøtet skal velje styre, valnemnd, rekneskapsførar og ev. fastsetje medlemskontigent. Kvart medlem har ei røyst på årsmøtet.

Avgjerder om utdeling og disponering av midlane til foreininga skal gjerast av styret. Når styret avgjer ei utdeling, skal utbetaling øvremerkast det føremålet den skal dekke.

Styreleiar har ansvaret for å konstituere årsmøtet. Årsmøtet er ope for alle som er medlemmar av Vennelaget Jan-Magnus Bruheim.

Årsmøte må elles ta opp:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar og referent.
3. Årsmelding
4. Rekneskap og balanse
5. Disposisjon av overskot – dekning av underskot
6. Val av styre, styreleiar, revisor og valnemnd
7. Andre innkomne saker
8. Arbeidsplan for komande år

#### **§ 7. Vedtektsendring**

Framlegg til vedtektsendring må, for å kunne takast opp på årsmøtet, vera på saklista for årsmøtet. Vedtektsendring krev minst 2/3 fleirtal på ordinært årsmøte.

#### **§ 8. Økonomiske plikter**

Vedtak om endring i laget sine økonomiske plikter som opptak av lån, yte kreditt eller større investeringar, krev minst ¾ fleirtal i styret.

#### **§ 9. Opplysing**

Ved opplysing av foreininga, skal all gjeld betalast. Deretter skal foreininga si eventuelle netto formue gjevast til eit lokalt kulturelt føremål.

#### **§ 10. Voldgift**

Tvist mellom medlemmar og foreininga skal ein prøve å løyse ved forhandlingar. Fører ikkje dette fram, skal tvisten avgjerast av ein voldsgiftsrett på 3 – tre – medlemmar. Av desse vel partane eit medlem kvar. Leiar blir oppnemnt av sorenskrivaren i Nord-Gudbrandsdalen tingrett.

Skjåk, 9/5-16